



Statens vegvesen

VOLDA KOMMUNE

Stormyra 2

6100 VOLDA

Behandlende eining:
Utbygging

Sakshandsamar/telefon:
Rolf Arne Hamre / 71274182

Vår referanse:
21/198618-59

Dykkar referanse:
Vår dato:
13.05.2022

E39 Volda–Furene – endring av reguleringsplan – varsel om oppstart av planarbeid

Innleiing

Statens vegvesen vil i samarbeid med Volda kommune starte opp med endring av områderegulering for E39 Volda–Furene. Det er ønskje om å gjøre endringar både i Furene og i Volda. Planarbeidet blir gjennomført i samsvar med § 3-7 i plan- og bygningslova, noko som betyr at Statens vegvesen gjennomfører alt planarbeidet, medan det er Volda kommune som skal fatte nødvendige vedtak i samband med planprosessen og endeleg planvedtak.

Kvifor vil Statens vegvesen gjere endringar i gjeldande reguleringsplan og kva for endringar som er aktuelle å gjere?

- Innleiingsvis kan vi starte med at E39 Volda–Furene har vore gjennom to tidlegare planprosessar. Først kommunedelplanen for prosjektet som vart godkjent i 2014 og deretter reguleringsplanprosessen med godkjenning av reguleringsplanen i 2018. Dei to tidlegare planane har ulik teknisk løysing i Volda. Ny teknisk løysing tek sikte på å ligge tettare opp til løysinga skissert i kommunedelplanen.
- Det er først og fremst for å redusere kostnadane og unngå 8 % stigning i Vikebygdvegen mellom rundkøyringane.
- Ved å heve linjepålegget (høgda på veg og tunnel) kan tunnelen planleggjast med sjølvfall og det blir då ikkje lenger nødvendig å bygge ein pumpesump inne i fjelltunnelen. I tillegg til investeringskostnaden unngår ein årlege driftskostnader til utpumping av tunnelvatn.
- Redusere stigninga frå tunnelportalen og fram til rundkøyringa i Sjukehuskrysset på Volda-sida. I gjeldande reguleringsplan er denne strekninga planlagt med 5 % stigning.
- Anleggsgjennomføringa vil bli enklare med mindre omfattande byggegrop i Volda.
- Forenkle lokalvegsystemet i Volda.

Postadresse
Statens vegvesen
Utbygging
Postboks 1010 Nordre Å
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

- Fjerne «Stjernebrua» i Sjukehuskrysset og i staden planlegge prosjektet med undergangar.
- Heve linjepålegget i Furene, dvs. høgda på vegen, slik at lengda på tunnelportalen kan reduserast.

Vegstandard

Statens vegvesen vil legge til grunn handbøkene N100 *Veg- og gateutforming* og N500 *Vegtunneler* i planarbeidet. Desse handbøkene er oppdaterte og ajourførte sidan godkjenninga av reguleringsplanen i 2018. Vegen blir planlagt etter dimensjoneringsklasse H2.

Gjeldande reguleringsplan for E39 Volda–Furene


Det vart meldt planoppstart i april 2016, og gjeldande reguleringsplan for E39 Volda–Furene vart godkjent i Volda kommunestyre 31. mai 2018.

Verdianalyse gjennomført for prosjektet E39 Volda–Furene


Leiinga i Statens vegvesen bestemte i månadsskiftet oktober/november 2021 at det skulle gjennomførast ei verdianalyse av prosjektet E39 Volda–Furene. Ei verdianalyse er ei teknisk-økonomisk optimalisering av prosjekta der man ser både på kostnadsreduserande tiltak og moglegheiter for å auke nytten av prosjektet.

Det vart etablert ei intern arbeidsgruppe og engasjert ein ekstern konsulent, Structor Lillehammer AS, til å gjennomføre verdianalyse av prosjektet. Begge arbeidsgruppene leverte sine rapportar i midten av januar. Deretter vart rapportane behandla i Statens vegvesen og Volda kommune vart orientert om resultatet frå verdianalysegruppene i møte den 17. mars.

Statens vegvesen informerte formannskapet i Volda den 16. november 2021 om våre nye tankar om prosjektet for å redusere kostnadane. Formannskapet i Volda har i møte 19. april 2022, sak 82/22, gjort vedtak om at Statens vegvesen startar opp arbeidet med endring av områderegulering for E39 Volda–Furene med planid 2016001.




Forslag frå intern arbeidsgruppe om justering av linjepålegg i Furene.




Forslag frå intern arbeidsgruppe om endring av linjepålegg i Volda.

Begge analysegruppene kom fram til at det kan gjennomførast kostnadsreduserande tiltak i sum opp mot 200 mill. kroner. Dei kom også fram til at det er nødvendig med endring av gjeldande reguleringsplan. Vidare at tunnelen bør byggjast berre med eitt tunnelløp (T10,5) og med samtidig bygging av rømmingstunnel (T5,5). Begge analysegruppene konkluderer med at det er rett korridor som er valt i kommunedelplanen. Dei foreslår vidare å forenkle sidevegssystemet i Volda og utarbeide ein ny og betre teknisk plan. Statens vegvesen har konkludert med at det er nødvendig å endre gjeldande reguleringsplan. For å sikre ei god teknisk løysing er det no på gang omfattande grunnboringar både i Furene og i Volda.

Planavgrensing



Kartskisse som viser planavgrensing i Volda.



Kartskisse som viser planavgrensing i Furene.

Planavgrensing er også lagt ut på Statens vegvesen si nettside:

https://www.vegvesen.no/contentassets/580beb33128e4658aebd1ec7449d36af/e39-volda-furene---lay_b_planoppstart.pdf

Både ny og gammal planavgrensing er viste med stipla linjer i kartskissa.

Framdrift

- Det blir varslet planoppstart i løpet av veke 20 (16. - 20. mai) med høringsfrist minst 4 veker.
- Ope informasjonsmøte mandag den 30. mai 2022 kl. 18–20 i Volda samfunnshus.
- Offentleg ettersyn av planforslag vinteren 2023 med høringsfrist i minst 6 veker.
- Godkjenning i kommunestyret seinast hausten 2023.

Vurdering av behov for planprogram og utarbeiding av ny konsekvensutgreiing

Etter KU-forskrifta § 4 skal forslagsstillar, i dette tilfelle Statens vegvesen, vurdere om planar etter plan- og bygningslova er omfatta av §§ 6 (vedlegg 1, beløpsgrense over kr. 750 mill.) eller 8 (vedlegg 2, vesentlege verknader for miljø og samfunn) i KU-forskrifta.

Kommunedelplanen blei godkjent den 27.11.2014 med tilhøyrande konsekvensutgreiing frå 2011/2012. Det vart ikkje utarbeidd ny konsekvensutgreiing i forbindelse med reguleringsplanarbeidet.

Hovudregelen om planprogram finn vi i plan- og bygningslova § 4–1. Regelen seier at for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det som ledd i varslinga av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet skal blant anna gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar og opplegg for medverknad.

Ei omfattande konsekvensutgreiing vil etter vår vurdering ikkje tilføre saka nye avgjerande moment. Når ein vidare tek omsyn til at Statens vegvesen må utgreie andre tema til bruk i den nye planomtalen, blir sakskomplekset opplyst på tilfredsstillande måte. Her tenkjer vi spesielt på geologiske undersøkingar, geotekniske undersøkingar med vurdering av setningar, samt vurdering av støy og utslepp av gassar og partiklar. Ingen nye landbruksareal blir berørte, og det er heller ikkje tenkt å revurdere behovet for Torvmyrvegen i Furene. Det var gjennomført arkeologiske registreringar i samband med utarbeidingsa av reguleringsplanen. Tilbakemelding på oppstartsvarselet vil avklare om det er behov for supplerande registreringar.

Statens vegvesen si vurdering er at det ikkje er behov for planprogram og ny konsekvensutgreiing.

Informasjon

Det blir arrangert ope informasjonsmøte om planarbeidet mandag den 30. mai kl. 18–20 i Volda samfunnshus. Vi vil orientere om bakgrunn for planarbeidet og kvifor vi ønskjer å endre godkjent reguleringsplan, samt vidare planprosess. Det vil bli mogleg å følgje møtet digitalt. Lenke til digitalt møte vil bli lagt ut på prosjektet si nettside i god tid før møtet startar opp.

Vi ber om å få sendt eventuelle innspel til varsel om oppstart skriftleg innan 13. juni 2022 til Statens vegvesen Utbygging, Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer, eller pr. e-post til firmapost@vegvesen.no

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til:

Prosjektleiar Rolf Arne Hamre, tlf. 909 22 459, e-post rolf.hamre@vegvesen.no eller
Planleggingsleiar Gisle Fossen, tlf. 975 11 892, e-post: gisle.fossen@vegvesen.no eller
Volda kommune v/planleggar Heidi Istad,
tlf. 469 15 455, e-post heidi.istad@volda.kommune.no

Oppstartsvarsel med link til planavgrensing og referat frå oppstartsmøte med Volda er lagt ut på Statens vegvesen sine nettsider:

<https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/europaveg/e39volda/nyhetsarkiv/varslar-oppstart-av-planarbeid-i-furene-og-i-volda/>

Utbyggingsområde midt – E39 Volda–Furene

Med helsing

Rolf Arne Hamre

Prosjektleiar

Gisle Fossen

Planleggingsleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til

AVINOR AS, Postboks 150, 2061 GARDERMOEN

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD,
Ladebekken 50, 7066 TRONDHEIM

MATTILSYNET, Felles postmottak Postboks 383, 2381 BRUMUNDDAL

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE

MØRENETT AS, Langemyra 6, 6160 HOVDEBYGDA

NATURVERNFORBUNDET I MØRE OG ROMSDAL, c/o Øystein Folden Rasta 4, 6630 TINGVOLL
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE), Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

ØRSTA KOMMUNE, Dalevegen 6, 6153 ØRSTA

Kopi

VOLDA KOMMUNE, Stormyra 2, 6100 VOLDA